



Møtereferat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 21.04.2022
Tid: Kl. 18.30
Ord for dagen: Svein

Desse var tilstades i møtet:

| Namn | Funksjon | Møtt | Forfall |
|-------------------------|-----------------------|------|---------|
| Svein Lunde | leiar | X | |
| Wenche Andersen Helland | nestleiar | X | |
| Sigrid Marie Fangel | skrivar | X | |
| Tom Rydland | medlem | X | |
| Anne Marie Røed | medlem | X | |
| Herman Inge Aadland | medlem | X | |
| Håkon Rydland Sæbø | medlem | | perm. |
| Aase Rygg H. Nøttveit | medlem | X | |
| Roald Drønen | sokneprest | X | |
| Sigurd Andre Maraas | kommunal representant | X | |
| Jostein Skram | 1. vara | | |
| Karin Maria Korsvik | 2. vara | | |
| Magnor Tverderøy | 3. vara | | |
| Hilda Gloppen | 4. vara | | |
| Jan Ottar Wiik | 5. vara | | |
| Svein Arne Theodorsen | vara for sokneprest | | |
| Jan Overweg | kyrkjeverje | X | |

Fitjar, 24.05.2022

Svein Lunde
soknerådsleiar

Jan Overweg
kyrkjeverje

Sakliste:

| SAK | ARKIVKOD E | TITTEL | KOMM REPR |
|---------|---------------|---|-----------|
| 2022/31 | 012.1 | Godkjenning av innkalling og sakliste | x |
| 2022/32 | 012.1 | Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 31.03.2022 | x |
| 2022/33 | | Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet | x |
| 2022/34 | | Årsrapport | |
| 2022/35 | | Økonomirapport for første kvartal 2022 | x |
| 2022/36 | | Meldingar / open post | |

Sak 2022/31 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2022/32 012.1 Referat frå sist møte

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 31. mars 2022.

Sak 2022/33 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje legg fram ei orientering om arbeidet i soknet. Soknepresten supplerer.

Det har vore mykje aktivitet i kyrkjelyden sidan sist, mange har møtt fram til gudstenester og fleire er borte til dåp. Alt i alt mange gode opplevingar i kyrkja, inkludert ein fin konsert.

Ved fasteaksjonen kom det inn 78 000kr, eit flott resultat som er meir enn ei dobling sidan i fjor. Fitjar sokn kjem på ein 77. plass i nasjonal samanheng og ein 14. plass i Vestland. Samanlikninga er i kr per sokn. Det kjem fram at vi manglar lokal KN kontakt, noko det bør gripast fatt i.

Kyrkjekoret gjorde ein flott innsats, men tek no ein pause fram til hausten.

Bygg- og anleggskomiteen jobbar no med løysingar for parkeringsplass, vognskjul, minnelund, reiskapsbu og prøver å samordna tiltaka.

Sakristiet er ferdigstilt med eit framifrå resultat. Ein vil få laga til lunsj for dei som har bidrege.

Det er planlagt møte med kommunen ved Anne Økland, for å planleggja mottak av flyktningar.

Soknepresten orienterte om at Osternes Mannskor har sagt ja til å syngja i gudstenesta på 17. mai.

Diverre kom ikkje kyrkjebladet fram til dei med postboksadresse før påske.

Magne Suppheln er spurd og ha takka ja til å delta på strategiseminar 27.august '22.

Kristi himmelfartsdag vert det venestemne på Fitjar Bedehus.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2022/34 Årsrapport 2021

Årsmeldinga for Fitjar sokn er sett opp etter liknande mal som me har brukt dei siste åra. Ulike medarbeidarar, både tilsette og frivillige, er inviterte til å levera stoff til årsmeldinga. Stoffet er deretter redigert og sett saman av administrasjonen. Årsmeldinga som no er sendt til rådsmedlemene er å sjå på som eit arbeidsdokument. Det treng framleis gjerast noko arbeid med korrekturlesing og redigering. Det er fint om soknerådet kan sjå gjennom teksten i årsmeldinga og koma med kommentarar på eventuelle endringar som bør gjerast. Årsmeldinga skal liggja ute til offentleg ettersyn i minst to veker før årsmøtet i kyrkjelyden. Tidspunkt for årsmøte er sett til søndag 15. mai etter gudstenesta i Fitjar kyrkje.

Vedtak:

Soknerådet sluttar seg til årsmeldinga som er lagt fram. Herman Inge les siste korrektur slik at den kan leggjast ut 1.5.22

Sak 2022/35 Økonomirapport for første kvartal 2022

Blir lagt fram i møtet.

Det er forventa at stat/kommune løyver eit visst eksta tilskot grunna dei ekstraordinære straumutgiftene.

Vedtak:

Soknerådet tar rapporten til vitande.

Sak 2022/30 Meldingar / open post

- Utlysing av soknepreststillinga
 - lyst ut med søknadsfrist 8.5.22.
 - ordinært soknerådsmøte 19.5. utsett til 24.5. slik at ev. søkjarar kan drøftast i møtet
 - Svein deltek på intervju, med Wenche på sidelinja. Sigrid stiller ved evt forfall.
- Avslutning for Roald
 - Prosten deltek
 - Invitere representantar frå næringslivet?
 - festkomite: Tom, Randi, Anne Marie
 - fest med mat, taler, gåver
- Arbeidsutvalet har gjeve Randi tilbod om utvida stilling i 2 månader, medan Roald er sjukemeld. Soknerådet tar denne meldinga til vitande